



Det er ein stor jobb med rydding som ventar

Ryddinga etter vinteren og ikkje minst etter Nina er i full gang og skal forsterkast framover, melder Uskedal Utvikling, Båtlaget skal til dømes ha sin vårdugnad fredag og laurdag og SPAR vil saman med skulen ta seg av bosplukkinga langs fylkesvegen og i sentrum. SPAR har årleg hatt rydding saman med skulen.

Det har allereie vore bosplukking på Skorpo og i Korsneset. Nokre grunneigarar har allereie rydda sine område.

UU vil onsdag 6. mai organisera ein ryddedugnad i Stølavikjo og Uskedal Friluftslag vil torsdag 7. mai klargjera Stemneplassen til markeringar 8. mai og 17. mai..

Elveeigarlaget tek ansvaret for strekninga langs elva.

UU er takksame om at det meldast tilbake kva tanker dei eninskilde har for rydding i år.

Sei ifrå om de treng SIM sine grønne bossejkker.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal
Nett: Ola Matti Mathisen